



Raymond Håvik
Øvre Fyllingsvn. 60
5161 Laksevåg

Dato: 07.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/381-1

Midlertidig dispensasjon frå løyveplikta i samband med skulekøyning i Øygarden

Me viser til telefonsamtale med deg og med Norgestaxi Bergen AS om skulekøyning i Øygarden kommune, samt til e-post av 20.12.12 frå Norgestaxi Bergen AS der det vert søkt om utvida styrarordning i samband med skulekøyninga ut skuleåret 2013/2014.

Du har vore styrar for drosjeløyve R-288 i perioden 27.05.13-31.12.13. Styrarordninga var innvilga etter yrkestransportforskrifta § 51, andre ledd, av omsyn til løyvehavar sin helsesituasjon. I den perioden du har vore styrar for R-288 har løyvet vore nytta til skulekøyning i Øygarden. Styrarperioden for R-288 er no ute, løyvedokumentet er ikkje lenger gyldig og R-288 kan såleis ikkje lenger nyttast til skulekøyning. Drosjeløyve R-288 vil no bli tildelt ny løyvehavar og løyvedokumentet i original må leverast inn.

Det går fram av e-post frå Norgestaxi Bergen at du i styrarperioden har nytta bil på R-288 tilpassa den kravspesifikasjon som gjeld for skulekøyning. Det er ynskjeleg at denne bilen vert nytta til skulekøyning ut inneverande skuleår.

I fylgje yrkestransportforskrifta § 23, andre ledd kan fylkeskommunen når transportmessige omsyn tilseier det, gjera unntak frå løyvekravet for avgrensa transport som vert utført etter avtale med annan løyvehavar og innan rāmene for dette løyvet. Slikt unntak gjeld berre når transporten vert utført med personbil. Løyvefritak gjeld berre for inntil 1 år om gangen.

Den aktuelle transporten av skulebarn i Øygarden skjer på grunnlag av kontrakt med Norgestaxi Bergen AS. Slik drosjesituasjonen er i Øygarden i dag, tilseier transportmessige omsyn at det kan gjerast unntak frå løyveplikta for denne avgrensa transporten.

Etter å ha vurdert saka finn fylkeskommunen å kunna fatta fylgjande

vedtak:

Løyvehavar Raymond Håvik får i medhald av yrkestransportforskrifta § 23, andre ledd, fritak frå løyveplikta når det gjeld transport av skulebarn i Øygarden kommune etter avtale med Norgestaxi Bergen AS. Fritak frå løyveplikta gjeld i perioden 01.01.14 – 30.06.14.

Vedtaket over er fullt ut i samsvar med søknad og kan difor ikkje påklagast.

Rolf Rosenlund
Leiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Norgestaxi Bergen AS Damsgårdsvn. 167, 5160 Laksevåg

Øygarden kommune Øygarden Rådhus, 5337 Rong